

Auka press på Svartlamoen

Miljøvenlege byar har fortetting. Men Svartlamoen – det nasjonale symbolet på byøkologi – har dårleg arealutnytting. No har Trondheim kommune sett i gang ei evaluering av bydelen.

BYUTVIKLING

RONNY SPAANS
ronny@dagogtid.no

– Vi er snart seks millionar i dette landet, vi får fleire born og mottek flyktningar. Vi må attende til bustadmangelen etter krigen for å finne ein parallell til utfordringane i dag. Den gong stod vi ikkje med huva i hand – vi bygde bustader!

– Svartlamoen ligg ved eit sentralt trafikkknutepunkt i Trondheim, men her er det lite utnytting av areal. Det er heilt gale.

Det seier Per Jæger, direktør ved Boligprodusentens Forening. Han viser til området rett ved sida av Svartlamoen, Nyhavna, som er det store nye satsingsområdet i Trondheim. Det er planlagt bygg på opp mot ti høgder i den nye sentrumsbydelen. Med 2500 nye bustader får Nyhavna fleire tusen innbyggjarar.

Svartlamoen – det nasjonale symbolet på bevaring og alternativt bymiljø – har hamna i ein ny situasjon. Svartlamoen kan bli som ein gallisk landsby attmed fortetta urbane blokker.

Striden om Svartlamoen vart vunnen i 2001, heiter det. Men vart han det? Så seint som i desember i fjor demonstrerte eit par hundre aktivistar på Rådhus-trappa i Trondheim. Høgre og Frp ynskjer å avvike Trondheim kommunes engasjement i Svartlamoen boligstiftelse, men dei vart nedrøysta i formannskapet i vinter.

Det var bustadnauda i Trondheim som var motivasjonen: Her er det dårleg utnytting av areal; leigekontraktane bør seiast opp og husa pussast opp, var meldinga frå dei blå politikarane.

No vil kommunen atter ha Svartlamoen under lupa. I haust kjem ei evaluering som tek føre seg tilstanden på husa og samansetjinga av innbyggjarane. Reguleringsplanen for området tilseier ei fordobling av innbyggjartalet, og det er planar om å utvide togsporet attmed bydelen – kan hende medfører det sanering av gater på Svartlamoen.

Difor har krefter sett i gang debatt om Svartlamoen. Orda til Jæger fall 10. september, under møtet «Hva skal skje med Svartlamoen?» i Trondheim, arrangert av Breidablick – nasjonalt forum for kulturarv, leidd av kulturhistorikar Sjur Harby.

UBÅT OG BULLDOSAR

Svartlamoen er ei av dei mest kjende politiske byggjesakene i Noreg etter den andre verdskrigen.

Ein gong ruva gravhaugane til ladejarlane her, men området vart snart utbygt. Dei gamle arbeidarbustadene på tomte har historie attende til 1870-åra.

Under krigen fann tyskarane ut at dei ville byggje ubåtbunkerer Dora1; dei sanerte ein del hus. I 70-åra vart det fortgang i sakene; bulldosarar valsa over 75 trehus, slik at industri som Dahls Bryggeri kunne reisast. Men så kom eit tidsskifte: I 90-åra

Bakgrunn

SVARTLAMOEN

- Svartlamoen er ein bydel aust i Trondheim. Det var planar om å sanere dette fattige arbeidarkvartalet, men takka vere aksjonar vart området bevart.
- Svartlamoen har sidan 2001 vore regulert som byøkologisk forsøksområde.
- Svartlamoen boligstiftelse forvaltar 133 bustader. I tillegg leiger kultur- og næringsstiftinga ut konsert- og næringslokale.
- Det er mange søkjarar til Svartlamoen på grunn av låg leige: Eit toroms husvære kostar 3305 i månaden. På den private marknaden i byen er summen 8600.

kjempa radikale trondheimarar for bevaring og imot planane om større sanering.

Den store snunaden kom då kunstnarane Håkon Gullvåg og Håkon Bleken måla eit målarstykke på gavlveggen til eit av dei rivingstruga husa. Ei tysk ørn tronar øvst på biletet – ei frekk identifisering av Trondheim kommune med byggherren for ubåtbunkerer rett attmed. Svartlamoen fekk brått nasjonal kjendisstatus, og ved eit knapt fleirtal i kommunestyret i 2001 vart området omregulert til byøkologisk forsøksområde.



Louis og Benjamin er den nye generasjonen på Svartlamoen. Dei fortel dei vil baka kake for å overtjelja politi



Svartlamoen gjev eit rotut fyrsteintrykk. Men bydelen inneheld mange arkitektoniske kvalitetar resten av Trondheim har mist.

UFLIDD OG ROTUT

Røyndomen har endra seg sidan 2001. Politikarane ynskjer ikkje lenger tomter til næringsindustri. Slik som i resten av Noreg er det bustadområde som no er i skotet – særleg langs attraktive sjøsider. Det skal skje gjennom slagordet «fortetting» – tett bygging ved trafikkknutepunkt slik at reiseavstandane blir stuttare og dei mjuke trafikantane fleire.

Det store temaet i domkyrkjebyen er om ein endeleg skal våge byggje høgare enn Nidarosdomen. Geir Waage frå Arbeidarpartiet har kome med framlegg om slike høgghus på Nyhavna.

Blir den nye Nyhavna verkeleggjord, blir kontrasten til Svartlamoen stor, som ved fyrste augnekast synest å vera eit uflidd og rotut område, med graffiti på veggene.

Ideen til dei blå politikarane er dessutan ikkje henta «frå det blå»: Oppussing og sal av gamle arbeidarkvartal gjev populære bydelar, med såkalla gentrifisering: Arbeiderklassestrokk blir gater for velstående innbyggjarar. Berre eit par hundre meter unna ligg eit døme på det: Bakklandet. Huseljaren – i dette tilfellet gjeldstygnde Trondheim kommune – kan tena gode pengar på slikt.

IKKJE EI EINASTE SOLCELLE

Men ikkje berre urban fortetting var temaet på møtet. Andre spørsmål om Svartlamoens aktualitet i dag kom òg fram. Kva tyder byøkologi? Er målsetjingane for Svartlamoen oppnådde?

Dei økologiske tiltaka er syn-

lege, som lågkonsum med høgt gjenbruk, og Svartlamoen Samvirkeleg, som blir drive på dugnad og sel økologisk mat.

Men jamfører vi med andre område som kallar seg byøkologiske, kjem òg moment til synes som ikkje var særleg aktuelle då kampen om Svartlamoen stod: Til dømes finst det ikkje eit einaste hus med solcellepanel på Svartlamoen. Mange hus er trekkfulle. Er det økologisk å fyre for kråka?

– Låg standard med låg leige tyder ikkje naudsynleg lågt energiforbruk, sa Per Jæger.

Ei manglande oppgradering har samanheng med innbyggjarane: Svartlamoen er ikkje lenger samansett av unge aktivistar, men mange er godt vaksne og har born. Det er skipa barnehage på Svartlamoen.

– Kva skjer når de her blir seksti-sytti år gamle, skal de byggje aldersbustader, spurde Jæger.

NYE HUS UNDER BYGGJING

Å gje ordet berre til Per Jæger er feil. I møtesalen var det mange unge menneske frå Svartlamoen. Tjue prosent av innbyggjarane er studentar. Om låg husleige er den største tiltrekninga – det seier 42 prosent av innbyggjarar – bur det mange aktivistar i bydelen med medviten haldning til miljøvern.

Ser vi på utviklinga sidan 2001, har det heller ikkje stått stilt.

I 2005 vart ei høgblock med massivt tre som berande konstruksjon reist på Svartlamoen. Den gongen var bygget den



Kritikarane til å ta vare på Svartlamoen for all framtid.

høgaste bustadblokken av tre i verda. Bygningen vart oppført på rekordtid: to veker – og vart heidra med mange prisar. Bustadblokken vekker enno internasjonal interesse.

Dessutan byrjar arkitekturstudentar frå NTNU denne hausten eit nytt bustadprosjekt i samarbeid med Svartlamoen boligstiftelse. Målet er fem nye bustader av berekraftige materiale, der menneska, ikkje bygga, er det mest sentrale – som det heiter i programmet.

– BURDE VORE BYRGARE

Andre tok òg ordet: Harald Nis-



Svartlamoen skaffar dei mykje av maten sjølve. Ein av byggarane sankar plommer.

Det finst ikkje eit einaste hus med solcellepanel på Svartlamoen. Mange hus er trekkfulle. Er det økologisk å fyre for kråka?

sen frå Miljøpartiet Dei Grøne, som tidlegare har budd på Svartlamoen, og dagleg leiar for Svartlamoen boligstiftelse, Kathrine E. Standal. Dei peika på ting som ikkje er uventa ved eit alternativ bymiljø som Svartlamoen, men som er viktig å bli påmint:

– Over tjue musikkgrupper høyrer til på Svartlamoen; miljøet har vunne fem spelemannsprisar.

Men liksom kritikarane er Nissen òg oppteken av ei ny samtidsorientering – kva gjer Svartlamoen spesiell for Trondheim by i dag:

– Svartlamoen er jamførd med miljø som Blitz i Oslo. Det er feil. Vi må ned til Berlin for å finne eit liknande alternativt miljø, som Kreuzberg. Svartlamoen er ein studentby med eit dynamisk samarbeid med NTNU.

Det krev eit nytt syn på Svartlamoen, meiner Nissen:

– Berlin dreg Kreuzberg fram som eit turistattraksjon og alternativt bydel – det gjer ikkje Trondheim kommune med Svartlamoen. Kommunen burde ha vore meir stolt av

bydelen og tenkt meir på Svartlamoen som merkevare.

ALTERNATIV BYDEL

Nissen peikar på eit viktig moment. Då kampen om Svartlamoen stod, var fortetting enno ikkje eit slagord i byutvikling. Ein kunne tillata seg store opne rom i eit bylandskap. Sidan har bydelar som Brattøra og Solsiden dukka opp – med ein meir monoton arkitektur.

Ein titt på blokkutbyggjinga på Solsiden er talande. Trondheimsmiljøet, med veiter og mange gater, blir det mindre av i byen.

Sjur Harby, arrangøren av møtet, utdypar kva Nissen meiner med merkevare:

– Svartlamoen kan i større grad bli eit nasjonalt føredøme for ein alternativ bydel, der den kreative klassen får høve til å leige billeg husvære og vie tid til kunstnarleg utfolding, og der det blir skapt ein arena for ein ny kulturminnepolitikk. Slik vil Svartlamoen ta del i eit internasjonalt fenomen, som kommunen med byrgskap kan vise fram.

Mellom borken og veden

Kulturminne på Svartlamoen skrik etter oppussing. Men Svartlamoen får ikkje ei einaste krone frå Kulturminnefondet til det arbeidet.

Det har med eigartilhøve å gjera. Trondheim kommune er eigar, medan innbyggjarane – gjennom Svartlamoen boligstiftelse – er leigetakarar med mange plikter. Ëi av dei er vedlikehald.

Eg møter antikvar hjå byantikvaren i Trondheim Mette Bye på Svartlamoen. Før vi diskuterer denne ansvarsrolla, viser ho meg dei arkitektoniske kvalitetane ved bydelen.

– Eg bur sjølv på Bakklandet, som jo òg er kjent for gamle arbeidarbustader, men med ein høgare levestandard og dermed med hus som er oppdaterte etter dagens krav. Men Bakklandet har mist mangt på vegen dit.

Bye fører meg til Biskop Grimkjells gate 6, der huset med den høgaste verneverdien på Svartlamoen ligg.

– Sjå berre på vindaugo – smidde vindaugsbeslag og slanke sprosper – dei ser falleferdige ut, men er solide og kan stå i hundre år til dersom dei blir skøyte rett. Svartlamoen er rik på slike detaljar – det gjer området meir autentisk enn Bakklandet.

Vi møter Nina Benden, som bur i eit av husværa i huset. Ho er ein av mange som driv vedli-

kehaldsarbeid på dugnad. Det er ikkje nok. Det krev ekspertise og store midlar til å gjera større reparasjonar som krev fagfolk – her er det knapt investert ei krone sidan byggjeåret då Boligstiftelsen tok over ansvaret – her kjem vanlegvis Kulturminnefondet til hjelp. Men Svartlamoen hamnar mellom borken og veden:

– Vi får ikkje pengar frå Kulturminnefondet, fordi det er kommunale hus, men vi får heller ikkje støtte frå kommunen, fordi vedlikehaldsansvaret ligg hos oss.

Benden peikar på det mest prekære ved situasjonen på Svartlamoen i dag. Berre huseigaren kan søkje midlar frå Kulturminnefondet. Ein kan òg spørja kva type arbeid som skal definerast som vedlikehald. Grensa mellom oppgradering og vedlikehald er vag. Det er slike ting evalueringa til Trondheim kommune bør finne ut av – men ei kommunal overtaking vil ikkje vera løysinga.

– Svartlamoen har ein høg arkitektonisk verdi som gjer det unikt i Trondheim. Om kommunen eller andre tok over og pussa opp Svartlamoen, ville inntrykket bli som på Bakklandet, seier Bye.



Mette Bye og Nina Benden ved den mest verneverdige bygningen på Svartlamoen. Veggen blir måla med diffusjonsopen linolje – det er miljøvenleg og motverkar røte.